

REFERAT

Styremøte i Voss Idrettsråd tysdag 7. juni 2016 kl. 19.30 i kafeen i Idrettshuset.

Tilstades: Asle Bergstrøm, Britt Elisabeth Dale og Einar Melve.

Leiaren, Asle Bergstrøm, leia møtet og følgjande sakliste vart godkjend:

1. Referat frå forrige møte
2. Referat frå årsmøtet
3. Heimesida og adresseliste for laga – ansvarsdelinga
4. LAM-midlar 2016 – fordeling
5. Status Vossabadet
6. Status skytebane/sprintbane i Voss Idrettshall
7. Spelemidlar 2016
8. Ymse

1.Referat frå forrige møte

Referat frå styremøte 3. mai 2016 vart godkjend.

2. Referat frå årsmøtet

Referat frå årsmøtet 21. 04.2016 er underskrive og godkjent, og vert no lagt ut på vår heimeside.

3. Heimesida og adresseliste for laga – ansvarsdelinga

Det vart føreteke ein gjennomgang av stoda. Som ny internettansvarleg tek Britt Elisabeth kontakt med Ingvill Knapstad Bidne for å gå gjennom ei oppdatering.

4. LAM-midlar 2016 – fordeling

Laga i Voss får totalt 886.967 kr til fordeling. Endeleg tildeling blir gjort etter innrapportert aktivitet og medlemstal (under 19 år).

5. Status Vossabadet

Leiaren orienterte om synfaring med anleggsutvalet i Hordaland Friidrettskrets 31.05.2016 på området for badeanlegget, og epost sendt alle styremedlemer i Voss Idrettsråd samme dato.

6. Status skytebane/sprintbane i Voss Idrettshall

Brev frå Voss Miniatyrskyttarlag vart drøfta. Styret vedtok framlegg frå leiaren om brev frå Idrettsrådet til Voss kommune der det blir protestert mot å fjerna skytebane og sprintbane frå Idrettshallen.

7. Spelemidler 2016

For 2016 får 10 anlegg innan Voss kommune spelemidler. Total sum er 6.981.000 kr. Dette inneber at mange framleis må stå urimeleg lenge på venteliste. Idrettskretsen og løyvande styresmakt har ikkje teke omsyn til at vårt krav om å auka ramma for Voss noko, grunna fleire nasjonale og internasjonale meisterskap seinare år, som har krevd større anleggsutbygging.

8. Ymse

Ingen saker under dette punktet.

Møtet heva kl. 20.15

Einar Melve

referent